



**VÅR REFERANSE**  
20/743

**DYKKAR REFERANSE**

**DATO**  
26.08.2020

## VEDTAK OM LOVBROTSGEBYR

### 1. Innleiing

Me viser til tidlegare korrespondanse mellom Finanstilsynet og [REDAKTERT] om [REDAKTERT] sin forseinka rapportering av netto shortposisjonar til Finanstilsynet.

Finanstilsynet har vurdert forholdet og komen til at [REDAKTERT] har brote rapporteringsplikta for netto shortposisjonar i aksjar ved å ikkje å ha rapportert (sjå punkt 3) innan tidsfristen i verdipapirhandellova (vphl.) § 3-14 jf. shortsalfordninga<sup>1</sup> (SSR) artikkel 5 jf. artikkel 9 mv.

Det rettslege og faktiske grunnlaget for varselet om vedtak, utsegn frå føretaket og Finanstilsynets vurderingar er nærmare skildra høvesvis i punkta 2, 3, 4 og 5.

### 2. Rettsleg grunnlag

Ein fysisk eller juridisk person som har ein netto shortposisjon i den utferda aksjekapitalen i eit selskap med aksjar som er tatt opp til notering på ein handelsplass der Finanstilsynet er vedkommande styresmakt, skal, dersom posisjonen er lik eller over visse tersklar, rapportere posisjonen til Finanstilsynet i samsvar med vphl. § 3-14, jf. SSR artikkel 5 jf. artikkel 9. Rapporteringsplikta trer inn dersom ein netto shortposisjonen svarar til, går over eller fell under 0,2 % av utferda aksjekapital, og for kvart steg på 0,1 % etter det.

Rapporteringa til Finanstilsynet skal skje på den måten og til den tid som følgjer av SSR artikkel 9 jf. delegert kommisjonsforordning 826/2012 ("RTS-1"). Posisjonshaldaren skal seinast gje melding innan kl. 15.30 CET neste handelsdag jf. SSR artikkel 9 nr. 2. Meldinga skal blant anna innehalde både storleiken på netto shortposisjonen i prosent og det tilsvarande talet på aksjar, jf. SSR artikkel 9 nr. 1 jf. 5 jf. RTS-1 artikkel 2 og 3 og tabell 1 i vedlegg 1<sup>2</sup>. Posisjonshaldaren er sjølv ansvarleg for at meldinga er korrekt og fullstendig, og det følgjer av SSR artikkel 9, jf. RTS-1

<sup>1</sup> Europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 236/2012 av 14. mars 2012 om shortsalg og visse sider ved kredittbodyteavtaler.

<sup>2</sup> Finanstilsynet har i tråd med SSR jf. RTS-1 eit elektronisk meldingssystem der felta som skal fyllast ut svarar til felta i RTS-1, vedlegg 1, tabell 1, herunder punkt 13 og 14.

artikkel 2 nr. 3 at dersom det tidlegare er sendt ei melding som inneheld feil, skal det sendast ei ny korrigerert melding. Ei melding til Finanstilsynet om ein netto shortposisjon som er ufullstendig og/eller inneheld feil, skal annullerast og det skal eventuelt sendast inn ei ny melding, jf. RTS-1 artikkel 2 nr. 3. Melding om netto shortposisjon reknast ikkje for å ha kome inn før den er fullstendig og/eller feil er korrigerert. Er posisjonen lik eller over 0,5 %, skal posisjonen også offentleggjerast til marknaden jf. vphl. § 3-14 jf. SSR artikkel 6 jf. artikkel 9.

Finanstilsynet kan etter vphl. § 21-4 fyrste ledd, jf. vphl. § 3-14 jf. SSR artikkel 5, 6 og 9, gje fysiske eller juridiske personar lovbrotsgebyr ved forsetteleg eller aktlaust brot på plikta til å rapportere netto shortposisjonar til Finanstilsynet. Der den rapporteringspliktige er ein juridisk person, inneber vilkåret om forsetteleg eller aktlaust brot eit krav om at ein eller fleire fysiske personar som handlar på vegne av føretaket har vist den naudsynte graden av subjektiv skuld. Ved vurderinga av storleiken på lovbrotsgebyret følgjer det av vphl. § 21-4 femte ledd at det særleg skal leggjast vekt på omfanget og verknadane av brotet, i tillegg til graden av skuld. SSR artikkel 41 legg til grunn at sanksjonar og administrative tiltak ved brot av SSR, skal ha verknad, stå i forhold til brotet og verke førebyggjande. Vidare følgjer det av fvl. § 46 andre ledd at Finanstilsynet, ved avgjersla av om eit føretak skal få ein administrativ sanksjon og ved utmåling av sanksjonen, *blant anna* kan ta omsyn til:

- a) den preventive verknaden til sanksjonen
- b) kor grovt brotet er, og om nokon som handlar på vegne av føretaket, har vist skuld
- c) om føretaket ved retningslinjer, instruksjon, opplæring, kontroll eller andre tiltak kunne ha hindra brotet
- d) om brotet er gjort for å fremje føretaket sine interesser
- e) om føretaket har hatt eller kunne fått noko fordel ved brotet
- f) om føresegna har vore brote fleire gongar
- g) føretaket si økonomiske evne
- h) om føretaket eller nokon som har handla på vegne av det får andre reaksjonar som følgje av brotet, blant annet om nokon enkeltperson blir får administrativ sanksjon eller straff
- i) om avtale med ein annan stat eller internasjonal organisasjon føreset bruk av administrativ føretakssanksjon eller føretaksstraff.

### 3. Dei rapporteringspliktige posisjonane

Saka gjeld blant anna forseinka rapportering av ein netto shortposisjon på 0,53 % i [REDACTED] med posisjonsdato [REDACTED]. Posisjonen skulle soleis vore rapportert til Finanstilsynet innan klokka 15.30 den [REDACTED]. Posisjonen vart fyrst rapportert den [REDACTED] kl. 11.13, og offentleggjort til marknaden eit døgn for seint på publiseringstidspunktet kl. 15.50 CET den [REDACTED].

Saka gjeld også rapportering av ei netto shortposisjon på 0,22 % i [REDACTED]. Posisjonen vart rapportert til Finanstilsynet den 23.09.2019 kl. 15:53, og det var opplyst i rapporteringa at posisjonsdatoen var 20.09.2019.

### 4. Utsegn frå føretaket

██████████ har i brev av 10.02.2020 erkjend den forseinka rapporteringa av posisjonen i ██████████. Bakgrunnen for den forseinka rapporteringa av posisjonen seiast å vere at det var fyrste gong føretaket fekk ein rapporteringspliktig shortposisjon samstundes som det gjekk føre seg ein krevjande intern prosess knytt til ein tilsett i selskapet. ██████████ forklarar vidare at forseinkinga skuldast ein rein glipp internt, ikkje blei gjort å skjule posisjonen, og at posisjonen vart rapportert så snart dei vart kjend med den. Kva gjeld posisjonen i ██████████ har føretaket opplyst at det vart rapportert feil posisjonsdato til Finanstilsynet og at rett posisjonsdato for den aktuelle netto shortposisjonen i ██████████ var 23.09.2019. ██████████ beklagar feilen og den forseinka rapporteringa og seier at saka har ført til intern læring og endra rutinar.

Vidare har ██████████ i e-post av 22.06.2020, som svar på Finanstilsynets varsel om vedtak, haldt fram at dei meiner at Finanstilsynet bør vurdere saka om igjen og leggje vekt på at posisjonen i ██████████ var ██████████ fyrste rapporteringspliktige posisjon og at den fyrste rapporteringa soleis tok meir tid enn det som er vanleg fordi det måtte opprettast ein profil i shortsalregisteret og dei måtte vente på manuell godkjenning av denne. ██████████ seier dei framleis meiner ei åtvaring vil vere tilstrekkeleg i denne saka.

## 5. Finanstilsynets vurderingar

### 5.1. Grunnlag for lovbrotsgebyr

Det er Finanstilsynets vurdering at den forseinka rapporteringa inneber brot på pliktene etter vphl. § 3-14, jf. SSR artikkel 5, 6 og 9.

Shortposisjonen i ██████████ var rapporteringspliktig og vart rapportert etter fristen kl. 15.30 den etterfølgjande handeldagen. Rapporteringa oppfylte soleis ikkje vilkåra i vphl. § 3-14 jf. SSR artikkel 5, jf. artikkel 9. Finanstilsynet er difor komen til at dei objektive vilkåra for bruk av lovbrotsgebyr etter vphl. § 21-4 fyrste ledd er oppfylt.

Kva gjeld feilrapporteringa av posisjonen i ██████████, tek Finanstilsynet føretakets forklaring til etterretning, men framhevar at det er føretakets ansvar etter vphl. § 3-14 jf. SSR artikkel 9 og RTS-1, å sikre at rapportering til Finanstilsynet ikkje berre kjem til rett tid, men òg at den ikkje inneheld feil.

Finanstilsynet har vurdert ██████████ merknadar om at den forseinka rapporteringa i ██████████ skuldast at føretaket var i ein krevjande intern prosess knytt til ein tilsett i selskapet, at dette var føretakets fyrste netto shortposisjon over terskelen for rapporteringsplikta, at det var ein rein glipp og ikkje var gjort for å skjule posisjonen og at rapporteringa tok lengre tid enn det som er vanleg då det var fyrste gong dei hadde ein slik posisjon.

Finanstilsynet har ikkje grunn til å tvile på føretakets forklaring om årsaka til forseinkinga, derunder at forseinkinga ikkje var gjort for å skjule shortposisjonen og at rapportering tok lengre tid enn vanleg då det var deira fyrste rapportering av ein netto shortposisjon. Finanstilsynet har likevel kome til at desse grunnane ikkje unnskyldar forseinkinga, og at det ikkje vart tatt tilstrekkelege forholdsreglar i tråd med de krava som må kunne stillast til ein profesjonell aktør for å sikre at rapporteringa skjer til rett tid og med rett innhald. Aktørar i finansmarkeden forventast å ha kjennskap til og innrette verksemda si etter gjeldande regelverk, inkludert å på førehand ha etablert naudsynnte rutinar og/eller system som identifiserer rapporteringsforplikter under SSR og syter for at

rutinane følgjast på eit slikt vis som må kunne ventast av ein profesjonell aktør. I dette ligg det blant anna at rutinar og/eller system må være utarbeida på ein slik måte at dei ikkje er avhengige av at ein eller fleire enkeltpersonar tilfeldigvis oppdagar posisjonen og/eller storleiken på posisjonen, og at både utforminga og etterlevinga av rutinane og/eller systema blant anna tar høgde for at føretaket kan være i ein eller fleire krevjande prosessar på same tid som det gjer handlar og rapporteringsplikt oppstår.

På denne bakgrunnen legg Finanstilsynet til grunn at både dei objektive og subjektive vilkåra etter vphl. § 21-4 for å nytte eit lovbrotsgebyr mot ██████████, er oppfylt.

## **5.2. Finanstilsynets vurdering av om det skal nyttast lovbrotsgebyr i denne saka**

Finanstilsynet er vidare av den oppfatning at det identifiserte brotet er klart og alvorleg, og at det er naudsynt å nytte lovbrotsgebyr i tråd med vphl. § 21-4.

Ved vurderinga av om gebyr skal nyttast, har Finanstilsynet i tråd med vphl. § 21-4 jf. forvaltningslova § 46 andre ledd gjort ei konkret heilskapleg vurdering av dei individuelle forholda i saka. Det er blant anna lagt vekt på at det er eit føretak som er ansvarleg for forseinkinga, at saka gjeld ein posisjon over 0,5 % og at forseinkinga gjorde at marknaden fyrst blei kjend med posisjonen eit døgn etter freista.

Finanstilsynet har vurdert ██████████ sin merknad om at det bør nyttast åtvaring i denne saka. Aktørar i verdipapirmarknaden må kunne ventast å til ei kvar tid ha rutinar og/eller system på plass for å sikre oppfylting av rapporteringsplikter til rett tid. Eit eventuelt vedtak om bruk av gebyr ved brot på slike plikter etter SSR, vil difor etter Finanstilsynets vurdering vere forholdsmessig.

Finanstilsynet kan ikkje sjå at dette stiller seg annleis fyrste gong ein aktør i verdipapirmarknaden har ein rapporteringspliktig posisjon, all den tid aktøren burde og kunne ha gjort naudsynte tiltak ved eit tidlegare høve, til dømes å ha registrert ein profil i Finanstilsynets shortsregister.

## **5.3. Vurdering av storleiken til lovbrotsgebyret størrelse**

I tråd med vphl. § 21-4 femte ledd skal ein ved utmålinga av lovbrotsgebyr særleg leggje vekt på omfanget og verknadane av brotet, saman med graden av skuld. Forvaltningslova stiller opp enkelte ytterlegare moment som Finanstilsynet kan ta omsyn, meir om dette i punkt 2 ovanfor.

Som skildra over er det Finanstilsynets vurdering at personar som har handla på vegne av føretaket, har handla aktaust i samband med brotet. Rapporteringspliktene er ein sentral del av SSR og det ventast at profesjonelle aktørar som ██████████ er kjend med regelverket og ordnar verksemda si slik at dei er i stand til å oppfylle dei. Finanstilsynet har gjort ei konkret vurdering av saka, og ved den nærmare utmålinga er det blant anna lagd vekt på kor lenge forseinkinga vara, storleiken på posisjonen, at eit føretak som er ansvarleg for forseinkinga, at det er fyrste gong ██████████ rapporterer for seint og tidlegare avgjerder i liknande saker.

## **6. Finanstilsynets vedtak**

Basert på vurderinga over og med heimel i vphl. § 21-4 (1), jf. § 3-14, jf. SSR artikkel 5, 6 og 9, treff Finanstilsynet følgjande vedtak:

**[REDACTED]** *har plikt til å betale eit lovbrotsgebyr på kr 20 000 (tjuetusen kroner). Lovbrotsgebyret går til statskassa.*

I tråd med forvaltningslova § 28 kan dette enkeltvedtaket klagast på til Finansdepartementet. Ein eventuell klage må settast fram innan 3 veker frå det tidspunktet vedtaket kjem fram til parten. Klagen sendast til Finanstilsynet.

Har de spørsmål kan desse rettast til Tord Steffensen Sortland på e-post [toso@finansstilsynet.no](mailto:toso@finansstilsynet.no) eller telefon 22 93 98 71.

For Finanstilsynet

Anne Merethe Bellamy  
direktør

Knut Haugan  
seksjonssjef

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar.*